SALSOPPGÅVE
ÅRDALSVEGEN 20B

Andelsleilegheit, 2.etasje

Leilegheit med tre soverom i andre etasje i Vee-Sletta-burettslag i Øvre Årdal – oppussing må påreknast

ADVOKATFIRMAET TOLLEFSEN
Kontor: Parkveien 5, 6856 Sogndal | Postadr: Pb 25, 6851 Sogndal
Tel: 57 62 88 50 | Fax: 57 62 88 51 | post@advokat-tollefsen.no

Marknadsverdi etter takst: kr. 750 000
Del av fellesgjeld: kr. 185 358
Totalt: kr. 935 358
Fellesutgifter pr mnd: kr. 3 500

Byggjeår: 1963

Areal:

P-rom/BRA: 76 m^2

BTA: 84 m^2

ADVOKATFIRMAET TOLLEFSEN
Kontor: Parkveien 5, 6856 Sogndal | Postadr: Pb 25, 6851 Sogndal
Tel: 57 62 88 50 | Fax: 57 62 88 51 | post@advokat-tollefsen.no

Eigedommen sitt registernamn og adresse

Salstype:	Tvangssal vedteke av Sogn og Fjordane tingrett, sak nr. 19-086975TVA-SOFT, med advokat Kristine Celius oppnemnt som rettsleg medhjelpar.
Nemning:	Andelsleilegheit i Årdal kommune. Vee-Sletta Burettslag, org. nr. 948 654 466, Gnr 9. bnr 220. andelsnr 6.
Adresse:	Årdalsvegen 20B, 6884 Øvre Årdal
Kort om innhald:	Leilegheita ligg i 2. etasje og har 3 soverom, stove, kjøkken vaskerom, bad og to boder i kjellar.
Plassering:	Sentral plassering med butikkar og barnehage i nærområdet. Turmoglegheiter like ved.
Parkering:	Felles parkeringsplass utanfor blokk.
Energimerking:	Oppvarmingskarakter oransje - Energikarakter E.

Tinglyste hefte

Hefte og servituttar: Det blir vist til vedlagde utskrift frå eigedomsregisteret.

Registrerte pengehefte vil bli sletta i samband med overdraging, med unnatak av dei tilfelle der kjøpar skal overta nokon av desse. Kjøpar vil i desse tilfella bli gjort særskilt merksam på om, og eventuelt, kva for hefte dette gjeld.

Etter burettslagslova § 5-20 har burettslaget panterett i andelen for krav mot andelseigar som følgje av misleghaldne felleskostnader. Pantekravet kan ikkje overstiga eit beløp som for kvar andel tilsvarar to gonger grunnsummen i folketrygda på tidspunktet då tvangsdekking blir vedteken.

Grunnareal

Tomta: Felles eiga tomt for burettslaget er på 25 715,3m^2

Bygningen sitt areal og opplysning om alder og byggjemåte

Sjå vedlagd takst: Verditakst datert 26.06.2019 **vedlegg 1.**

Bruksareal (Bra) 76 m^2 Primærrom (P-rom) 76 m^2

ADVOKATFIRMAET TOLLEFSEN
Kontor: Parkveien 5, 6856 Sogndal | Postadr: Pb 25, 6851 Sogndal
Tel: 57 62 88 50 | Fax: 57 62 88 51 | post@advokat-tollefsen.no

Likningsverdi og offentlege avgifter

Likningsverdi 2018:	Kr. 354 050 som primærbustad.
Offentlege avgifter:	Er inkludert i felleskostnadene som blir betalt til burettslaget.

Faste løpande kostnader

Årlege straumutgifter:	Ikkje opplyst
Årlege utgifter anna:	Ikkje opplyst
Felleskostnader:	Kr. 3 500 pr månad, sjå **vedlegg 3**. Felleskostnader inkluderer festeavgift, felles straum, kostnader til forretningsførar, renter og avdrag på lån, kabel- TV, bygningsforsikring, kommunale avgifter og eigedomsskatt, fiber internett og trappevask. I tillegg kjem eit månadleg fakturagebyr på kr 30.

Prisantyding og totalkostnad

Prisantyding	Kr. 750 000
Tinglysing heimelsdokument	Kr. 430
Tinglysingsgebyr panterett (kr. 430 pr. dokument)	Kr. 430
Innmeldingsavgift burettslag/bustadbyggjelag (dersom ikkje ein er medlem frå før)	Kr. 300
Årskontingent burettslag/boligbyggelag	Kr. 300
Bistand utarbeiding heimelsdokument mv.	Kr. 5 000
Totalkostnad ved prisantyding:	Kr 756 460

Ved bruk av forkjøpsrett, blir det betalt eit gebyr på kr 7 187 jfr. nedanfor. Det blir teke atterhald om endring i tinglysingssatsar.

I tillegg dekkjer kjøpar øvrige kostnader i samband med overtaking, mellom anna evt. ny utvask. Leilegheita er allereie tømt og vaska før visning.

Utgifter til medlemskap m.m.	Kjøpar dekkjer eventuelle kostnader i samband med medlemskap i burettslag eller bustadbyggelag m.m.
Fråviking:	Eventuelle kostnader med fråviking av eigedommen blir dekka av kjøpar. I dette tilfellet er det tale om eit dødsbu.

Medhjelpar sitt honorar

Honorar:	Medhjelpar sitt honorar blir dekka forlodds av innbetalt kjøpesum, i medhald av forskrift om tvangssal ved medhjelpar § 3-3: *«3 % av kjøpesummen til og med kr 500.000,* *2 % av det overskytende til og med kr 1.000.000 og* *1 % av det overskytende til og med kr 3.000.000.* *Godtgjørelsen skal likevel minst være lik 10 ganger rettsgebyret.* *Dersom medhjelperen skal motta og utbetale kjøpesummen, gis et tillegg i godtgjørelsen på 5 ganger rettsgebyret.»* Kjøpar skal ikkje dekka medhjelpar sine kostnader.

Kostnad til burettslaget

Lånevilkår for nedbetaling av fellesgjeld:	Andelen gjeld er kr. 185 358 Annuitetslån 12 terminar per år Rentesats per 11.09.2019: 3,23% pa. Tal terminar til innfriing: 270 Saldo per 11.09.2019: 16 682 269 Del av saldo: 185 359 Første termin/første avdrag: 17.11.2017 (siste termin: 17.02.2042) Sjå **vedlegg 3** for ytterlegare informasjon.
Felleskostnader og andre faste kostnader i avdragsperiode:	Månadlege fellesutgifter utgjer kr. 3.500 Dette inkluderer festeavgift, felles straum, kostnader til forretningsførar, renter, og avdrag på lån, kabel TV, bygningsforsikring, kommunale avgifter, eigedomsskatt, fiber internett og trappevask.
Relevante retta og plikter:	Det bli vist til vedtekter for burettslaget, **vedlegg 8.**
Informasjon om burettslaget:	Burettslaget består av 90 leilegheiter.

ADVOKATFIRMAET TOLLEFSEN
Kontor: Parkveien 5, 6856 Sogndal | Postadr: Pb 25, 6851 Sogndal
Tel: 57 62 88 50 | Fax: 57 62 88 51 | post@advokat-tollefsen.no

Diverse

Ledig: Overdraging og oppgjer skal normalt skje 3 mnd. etter at medhjelpar har førelagt bodet for Sogn og Fjordane tingrett og rettigheitshavarane. Sogn og Fjordane tingrett må då stadfesta bodet.

Visning: Etter avtale med medhjelpar.

Merknader: Generelt blir det anbefalt at interessentar gjennomfører ei synfaring på eigedommen saman med bygningskyndig person.

Det blir vist til vedlagd takstrapport.
Det er ikkje mogleg å teikna eigarskifteforsikring på eigedommar som blir selde på tvangssal.

Vegforklaring: Frå Årdalstangen følgjer du Årdalsvegen (Rv53) mot Øvre Årdal. Rett før ein kjem inn til sentrum passerer ein byggvarehuset Montér på høgre side. Ta av til høgre same avkøyrsle som til Montér og køyr inn på blindvegen på venstre hand. Årdalsvegen 20b ligg i den første blokka på høgre hand.

Salsvilkår

Bodgiving: På visninga er det mogleg å skriva seg på ei interesseliste. Ein er sjølv ansvarleg for å vera tilgjengeleg på den oppgitte kontaktinformasjon. Medhjelpar kan ikkje garantere å ta kontakt fleire gonger dersom ein ikkje kjem igjennom ved første forsøk.

Første bod må gjevast skriftleg på bodskjema, samt at tillegg 1 og skjema "Legitimasjon av bodgivar" må sendast inn saman med bodskjema.

Dersom dokumenta ved bodgiving blir oversendt pr. e-post eller MMS, må kopi av den gyldige legitimasjonen vera klar og leseleg. Gyldig legitimasjon er til dømes gyldig pass, norsk bankkort, og norsk førarkort.

Seinare bod frå same bodgivar må framsetjast skriftleg i form av e-post, SMS eller telefaks.

Bodgivar vil motta skriftleg stadfesting frå medhjelpar om at bod er motteke.

Bodgivar må fylla ut navn og telefonnummer på kontaktperson i bank som kan stadfeste finansiering av bodsummen. Dette skal fyllast inn i bodskjemaet.

Ver merksam på at ein finansieringsplan ikkje er eit finansieringsatterhald. Dersom det syner seg at ein bodgivar ikkje kan ordna med finansiering, er bod gitt i konkurranse med denne bodgjevar like fullt bindande.

På oppmoding frå medhjelpar må finansiering av overbod umiddelbart kunne dokumenterast.

Bindingsfrist for bod er minimum 6 veker. Dette gjeld også frå tidspunkt der ein aukar bodet.

For å være garantert å bli kontakta ved bodauke, må ein sjølv ha hatt høgaste bod på bustaden.

Ved ein eventuell bodrunde kan medhjelpar setja ein frist for inngiving av bod. Dersom andre interessentar ikkje byr over høgaste bod innan ein slik frist, kan medhjelpar såleis avslutta bodrunden, og deretter nekta å ta omsyn til høgare bod.

Når medhjelpar har motteke eitt eller fleire bod som bør bli godteke, skal han straks føreleggja boda for saksøkjaren med spørsmål om saksøkjar vil begjære boda stadfesta.

Det blir presisert at siste avgitte bod frå bodgjevar som har det bodet som vil bli begjært stadfesta, må bekreftes på bodskjema og leverast/sendast til medhjelpar i original.

Kopi av bodjournalen skal gjevast til kjøpar utan ugrunna opphald etter at handel er kome i stand. Eventuelle rettingar i bodjournalen, jf. § 3-1, skal framkoma tydeleg av slik kopi.

Bodgjevaren sin identitet i bodjournalen skal ikkje nyttast til anna enn å ivareta partane sine interesser i handelen.

Etter at handelen er komen i stand, eller dersom ein bodrunde blir avslutta utan at handel er komen i stand, kan den som har lagt inn bod på eigedommen krevje kopi av bodjournalen i anonymisert form.

Blancoskjøte blir ikkje utferda.

Alle avgitte bod er like fullt bindande for bodgjevarar med følgjande unntak:

Eit bod er ikkje bindande for bodgjevar når det følgjer av alminnelege avtalerettslege reglar at bodgivaren er ubunden.

Stadfestar retten eit bod, løyser det samtidig andre bydarar frå sine bod. Nektar retten ved kjennelse å stadfesta noko bod, vert samtlege bodgjevarar løyste frå sine bod.

Det er retten som tek endeleg stilling til boda.

Forkjøpsrett

Burettslag har etter burettslaglova kapittel 5 og eigne vedtekter, forkjøpsrett til andelen i burettslaget.

Etterpå har andelseigarar i bustadbyggelaget forkjøpsrett.

Medhjelpar vil sørgje for utlysing på forkjøpsretten når retten sin stadfestingsorskurd er rettskraftig, jf. tvangslova § 11-23 andre pkt. som har følgjande ordlyd:

«En forkjøpsrett som ikke er satt til side etter § 11-21 annet ledd, kan gjøres gjeldende når stadfestelseskjennelsen er rettskraftig. En forkjøpsrett som gjøres gjeldende, er uten innvirkning på tvangssalgskjøperens rettigheter og plikter i henhold til tvangssalget.»

Forkjøpsretten blir utlyst i 20 dagar frå stadfestingsorskurden er rettskraftig, jfr. brl. § 4-15, 1. ledd, 1. pkt: ”*Fristen for å gjere forkjøpsretten gjeldande er tjue dagar frå laget fekk skriftleg melding om at andelen har skifta eigar, med opplysning om pris og andre vilkår.”*

Dersom ein nyttar seg av forkjøpsrett kan forretningsførar krevje eit gebyr på opptil kr 7 187.

Styregodkjenning:

Kjøpar må bli godkjend av styret i burettslaget. Styret kan nekta godkjenning dersom det er sakleg grunn til det. Kjøpet er gyldig mellom partane sjølv om godkjenning blir nekta. Kjøparen må då overdra andelen på ny.

Manglar:

Eigedommen blir seld som den er, og ved tvangssal har kjøparen avgrensa høve til å påberopa seg manglar. Lov om avhending av fast eigedom (avhendingslova) gjeld ikkje. Det blir nemnt at det ved tvangssal ikkje er høve til å krevja heving og at kjøpesummen skal betalast sjølv om prisavslag blir kravd.

Det blir difor framheva at det er særskilt viktig at kjøpar gjer forundersøkingar, herunder at eigedommen blir undersøkt grundig før det blir gitt bod.

Ettersom dette er eit tvangssal, kan medhjelpar ikkje stå inne for at lausøyre og tilbehøyr som etter hovudregelen skal følgja eigedommen og som er tilstades på visningstidspunktet, vil

vera tilstades på overtakingstidspunktet. Kjøpar bør såleis leggja til grunn at det ved overtaking heilt eller delvis vil mangla lausøyre eller tilbehøyr som etter hovudregelen skal følgja eigedommen. Eventuelt manglande lausøyre og tilbehøyr kan ikkje påberopast som ein mangel.

Det blir presisert at for det tilfelle at eigedommen ikkje er tilstrekkeleg nedvaska pr. overtaking, er dette kjøpar sitt ansvar å sørga for og kosta utgifter ved dette, og kan ikkje påberopast som ein mangel.

På generelt grunnlag kan det opplysast at kjøpar ofte ikkje vil motta alle nøklar for eigedommen. Dette kan heller ikkje påberopast som ein mangel.

Kjøpar kan ikkje påberopa at det føreligg mangelfulle opplysningar om forhold som kan avdekkast ved ein gjennomgang av saka sine fullstendige dokument.

Salsoppgåva er basert på eventuelle opplysningar frå eigar, offentlege myndigheiter og vedlagd takstrapport datert 26.06.2019

Medhjelpar innestår ikkje for riktigheit og fullstendigheit av opplysningar gitt av eigar, takstmann, offentlege organ eller andre. Like fullt har medhjelpar vidareformidla slik informasjon.

Informasjon om bustadareal byggjer på takstrapport, og skal vere gitt i samsvar med målereglane i NS 3451 og NS 3490 og retningslinjer for arealmåling utarbeida av NTF og NEF utan omsyn til byggeforskriftene sitt krav til rom. Romma sin bruk kan vere i strid med byggeforskriftene sjølv om dei er måleverdige etter NS 3490. Rom kan vere omtala ut frå aktuell bruk utan at romma tilfredsstiller forskriftsmessige krav i forhold til den oppgitte type rom. Eksempelvis kan eit rom vere oppgitt som ”soverom” utan at det tilfredsstiller krav til volum, skapplass, rømningsveg, takhøgde og liknande.

Medhjelpar har uprøvd lagt til grunn takstmannen si arealopplysing. Det er såleis ikkje føreteke kontroll av takstmannen sine arealmålingar eller berekningsgrunnlaget for slike. Medhjelpar kan ikkje haldast ansvarleg ved arealavvik.

Eigedommen blir overdratt fri for pengehefte unnateke dei som kjøpar skal overta jfr. framfor, og overta eventuelle andre tinglyste hefte som måtte kvila på eigedommen, jf vedlagde grunnboksutskrift.

Kjøpar blir gjort merksam på at det kan føreligga utinglyste plikter og ikkje endelege offentlege planar som ikkje har framkome av medhjelpar sine eigne undersøkingar.

Medhjelpar har ikkje undersøkt om det er føreteke innvendig ombygging, eller om eventuell ombygging krev godkjenning, og om godkjenninga evt. kan vere gitt. Medhjelpar har ikkje undersøkt riktigheit av eventuelle framlagde teikningar, og kan ikkje haldast ansvarleg for evt. avvik i forhold til teikningar.Kjøpar blir oppfordra særskilt til å undersøkja bustaden sin tekniske tilstand samen med fagkyndige. Kjøpar blir oppfordra til å kontrollera alle opplysningar om eigedommen og reguleringa for området.

Eventuelle spørsmål om bodgjeving m.v. kan rettast til medhjelpar.

Medhjelper: **Advokat Kristine Celius**
Parkvegen 5, Pb 25,
6851 Sogndal
E-post: kristine@advokat-tollefsen.no
Mobiltelefon: 976 972 51
Telefon sentralbord: 57 62 88 50
Telefax: 57 62 88 51

ADVOKATFIRMAET TOLLEFSEN
Kontor: Parkveien 5, 6856 Sogndal | Postadr: Pb 25, 6851 Sogndal
Tel: 57 62 88 50 | Fax: 57 62 88 51 | post@advokat-tollefsen.no

Vedlegg:

1. Takstrapport datert 26.06.2019
2. Grunnbokutskrift
3. Andelsopplysningar frå boligbyggelaget
4. Energiattest
5. Årsrekneskap for 2018
6. Protokoll for generalforsamling den [dato[, vedlagt innkalling
7. Vedtekter
8. Husordensregla
9. Tillegg til salsoppgåve og bodskjema
10. Skjema for legitimasjon av bodgivar
11. Bodskjema
12. Kart (gulesider)

Utan ansvar for moglege feil.

Norsk takst

VEDLEGG 1

Verditakst

over adkomstdokumentene i andelsleilighet

Årdalsvegen 20B (2.etg. til høgre.) 6884 ØVRE ÅRDAL Gnr. 9 Bnr. 220 Fnr. 0 Anr. 6 Lnr. H0202 Årdal kommune	**Benevnelse**	**BRA**	**Markedsverdi**
	Andelsleilighet	76 m^2	Kr. 750 000
	Tomteareal	25 715 m^2	

Ønsker du å sjekke rapportens gyldighet? Skann QR-koden med din mobiltelefon.

Oppdragsnr./Ref.nr.	500618
Befaringsdato	26.06.2019
Rapportdato	11.09.2019

Rapportansvarlig Sogn Takst AS
Takstingeniør: Svein Låksrud
Flåten 12, 6884 ØVRE ÅRDAL
Tlf.: 45010807
E-post: post@sogntakst.no

Verditakst, aksje-/andelsleilighet

Personvern

Norsk takst og takstmannen behandler enkelte personopplysninger om kunden som takstmannen trenger for å utarbeide rapporten. For personvernerklæring og informasjon om bruk av personopplysninger gå til denne nettsiden: http://www.norsktakst.no/norsk/om-norsk-takst/personvernerklaering/

Norsk takst samarbeider med Vendu AS som utvikler tjenester som bidrar til en trygg bolighandel og et bærekraftig bolighold. For å kunne gjøre dette benyttes det tilstands- og eiendomsinformasjon fra rapporten. Les mer om tjenestene og få tilgang til å avstå fra bruk av dine data ved å gå til denne nettsiden: https://samtykke.vendu.no/500618

Eiendomsbetegnelse m.m.

Adresse	Årdalsvegen 20B (2.etg. til høgre.)						
Postnr./sted	6884 ØVRE ÅRDAL						
Område/bydel	Vesletta						
Kommune	Årdal	Gnr.	9	Bnr.	220	Fnr.	0
Type bygg	Andelsleilighet					Byggeår	1963
Forsikringsselskap	IF FORSIKRING.	Type forsikring			Polisenummer	SP1810035.1.1	
Rekvirent	Advokatfirmaet Tollefsen AS						
Befaringsdato	26.06.2019						
Tilstede / opplysninger gitt av	Ingen						

Eier(e)/adkomstdokumenter m.m

Eier(e) til adkomstdok.	Robert Hansen				
Boligselskapets navn	Vee-Sletta Burettslag	Leilighetsnummer	H0202	Andel-/aksjenr.	6
Forretningsfører	Årdal Boligbyggelag				
Type leilighet	Andelsleilighet i frittstående borettslag	Antall enheter			
Likningsverdi					
Pålydende aksje-/ andelsbrev					
Opprinnelig innskudd	16200				
Månedlig andel fellesutgifter	3500				

Inkludert i andel fellesutgifter

Kabel-tv, trappevask, renter og avdrag fellesgjeld, bygningsforsikring, kommunale avgifter og forretningsførerhonorar.

Premisser - generelle opplysninger - sammendrag

Oppdraget er utført av en uavhengig og sertifisert Norsk Takst takstingeniør, som følger det regelverk og de etiske regler Norsk Takst har fastsatt for medlemmene.

Denne takstrapporten er en verditakst som benyttes for å ansette eiendommens normale omsetningsverdi. Denne taksttypen forutsetter at det foretas overflatisk visuell bygningsteknisk inspeksjon uten tilstandsvurdering. Verditakst må ikke forveksles med tilstandsrapport som har en mer omfattende bygningsteknisk gjennomgang og hvor det blant annet foretas fuktsøk og fuktmålinger, og hvor bygningsdelene tilstandsvurderes med tilstandsgrader og hvor konsekvensene av tilstanden synliggjøres.

Taksten er gjort på grunnlag av visuell synfaring utan inngrep i bygningen(ar) og etter tekniske og historiske opplysningar frå heimelshavar.
Kunde/rekvirent må lese nøye gjennom dokumentet før bruk og gje tilbakemelding dersom det er feil som må rettast opp i. Dersom ny kjøpar er usikker på tilstand bør det nyttast innleigd kompetanse innan dei forskjellige fagområda.
Oppmåling er utført etter takstbransjens retningslinjer for arealmåling for 2015.

Verditaksten er satt i samband med tvangsalg.

Verditakst, aksje-/andelsleilighet

Tomt, områdebeskrivelse og miljø

Tomteareal	25 715,3 m2	Type tomt	Festet		
Festetidens utløpsår		Årlig festeavgift		Neste regulering	
Bortfesters navn	Ole Ørbeck Vee				

Beskrivelse

Festekontrakt ikkje tilgjengeleg.

Terrengforhold

Flatt utomhusareal tilrettelagt med plen og parkering. Delar av arealet er tekka med asfalt.
Parkering i fellesområde.

Reguleringsmessige forhold

Regulert til bustadføremål.

Planidentifikasjon-KPL
Oversiktsplanareal-Boligbebyggelse
Arealbrukstatus-Nåværende

Bygningsmessig beskrivelse

Fundamentering, grunnmur og kjellergulv

Fundamentert på antatt naturlege massar med golv og fundament av betong.
Grunnmur bør drenerast og få montert fuktsperre utvendig dersom dette ikkje er montert ved oppføring.

Grunnmur har og ein del slitasje, sprekker og riss. Dette er vurdert som normalt med tanke på byggeår.

Konstruksjonsmetode over grunnmur og utvendige fasader

Etasjeskillarar av betong.
Utvendige veggar av betong tekka med plater. Enkelte overflater har malte betongflater.
Innvendige skilleveggar av betong og teglstein.

Dører og vinduer

Tolags isolerglas med rammer av tre frå år 2007.
Dørar i formpressa dørblad med malt overflater frå ca. år 2010 og enkelte innv. dørar i finer frå oppføring.
Innv. dørar har ein del spor etter bruk og dårleg utført håndtverk angåande montering o.l. Nokre dørar har og skadar.

Takkonstruksjon m/tekking

Flatt tak antatt tekka med gummibelegg.
Taktekket er ikkje synfart.

Piper og ildsteder

Teglsteinspipe frå byggeår.
Eldre frittståande vedomn.

Oppvarming

Oppvarming med straum og ved.
Varmekabel på bad.

Bad og vaskerom

Bad med overflater frå ca. år 2010.
Fliser på golv med varmekabel. Baderomsplater på veggar.
Malt/foliert trepanel i himling med spottar.

Mekanisk avtrekk på vegg.

Golvmontert wc, dusjnisje med skyvedør, innreiing med servant.

Innv. overflater treng enkelte tiltak.

Kjøkken

Eldre kjøkkeninnreiing med malte dørar og skuffefrontar.
Innreiing og innv. overflater på kjøkken har ein del elde og spor etter bruk.
Nokre dørfrontar manglar glass, andre treng tiltak.

Kjøkken bør få nye overflater og ny innreiing på kort sikt.

Innvendige overflater

Innv. treng denne andelen ein del tiltak da det er ein del spor etter bruk og delar av tidligare utførte tiltak er ikkje ferdigstilt. Dette gjeld spesielt himlingar og dørar.

Himlingar er tekka delvis med trepanel og malt slett betonghimling.
Veggar er tekka malt strie og malte plater.
Golv er tekka med laminat, belegg og flis.

Elektrisk anlegg

Det elektriske anlegget er bygd etter dei krav og retningslinjer som var ved byggeår.
Sikringsskåp med skrusikringar frå oppføring.
Det elektriske anlegget bør kontrollerast nærmare for godkjenning.

VVS

Delar av anlegget er skifta til rør i rør med vannsentral. Sentralen er plassert på vaskerommet. Det er mogleg at det er rør i rør til bad og kjøkken. Ellers er anlegget godt synleg på vaskerommet.
Noko av anlegget er truleg frå oppføring.

Utført etter dei krav og tekniske retningslinjer som var på oppføringsdato.

Annet

Bod i kjellar ikkje synfart.
Romsleg veranda med plass til sittegruppe.

Gjenstående arbeider

Listverk omkring dørar og andre rom.
Trepanel i himling i stove og vaskerommet. Delar av himling i stove heng og sleng. Det som er montert må fjernast og nye lekter og trepanel må eventuelt monterast.
Det samme gjeld vaskerommet.
Andre overflater treng ny overflatebehandling grunna spor etter bruk.

Generell tilstand

Denne andelen treng ein del tiltak på nesten alle innv. overflater da det er ein del spor etter bruk. Veggar, dørar, himlingar og listverk treng ein del tiltak da det er ein del manglar både på utført håndtverk og ferdigstilling. Treng ny overflatebehandling.
Kjøkkenet bør skiftast til ny da denne har ein del elde og slitasje. Vaskerommet treng større tiltak da dette ikkje er ferdigstilt.
Andre overflater er i ok stand men treng ein vask eller ny overflatebehandling.

Verditakst, aksje-/andelsleilighet

Arealopplysninger

Arealmålingene i denne rapporten utføres etter bransjestandarden "Takstbransjens retningslinjer for arealmåling – 2014, 2. utg", som har NS 3940:2012 som utgangspunkt. Ved motstrid eller tolkningstvil mellom NS 3940:2012 og "Takseringsbransjens retningslinjer for arealmåling – 2014" legges takstbransjens retningslinjer til grunn.

Det er bruken av rommet på befaringstidspunktet som avgjør om rommet defineres som P-ROM eller S-ROM. Dette betyr at rommet både kan være i strid med byggteknisk forskrift og mangle godkjennelse i kommunen for den aktuelle bruken, uten at dette vil få betydning for takstmannens valg.
"Takstbransjensretningslinjer ved arealmåling 2014" er tilgjengelig på www.norsktakst.no.

Andelsleilighet	Bruttoareal	Bruksareal (BRA)			Romfordeling	
Etasje	BTA	SUM	P-ROM	S-ROM	Primære rom	Sekundære rom
2. etg. til høgre	84	76	76	0	Gang, vaskerom, kjøkken, bad, stove, 3 soverom(må innom eit soverom for å komme til det andre)	Boder i kjellar ikkje synfart.
Sum	**84**	**76**	**76**	**0**		

Sum alle bygninger	**84**	**76**	**76**	**0**

Kommentarer til arealberegningen

Arealberekninga er utført etter takstbransjens retningslinjer for arealmåling, 2. utgave for år 2015.

Bruksareal er oppmålt innv. mellom utv. veggar. Innreiing og inventar er ikkje flytta på, noko som kan føre til at ein ikkje alltid kjem til for nøyaktig oppmåling.
Ein må difor ta med i vurderingen at det kan vere noko avvik med faktisk areal oppmålt på teikningar og det som er oppmålt i bustaden på synfaringsdato.
Bruttoareal, dvs. utv. areal er berekna med tanke på vurdering av tjukkelse på yttervegg.

Arealet er ikkje kontrollert opp mot teikningar da desse ikkje er lagt fram for takstmann på synfaringsdato. Det er heller ikkje med i oppdraget å hente ut teikningar i arkivet til kommunen. Teikningar blir brukt til berekningen av arealet dersom desse blir lagt fram. Da blir det kun kontrolloppmåling av enkelte rom dersom det er misstanke om at teikningar ikkje stemmer.
Det er anbefalt å sjekke takstmanns areal opp mot teikningar dersom dette fins før ein nyttar dette i salgssamanheng.

Ellers kan ein gå utifrå at areal i arealoppstillingen er omtrentleg rett oppmålt av takstmann. Oppmålinga er utført etter beste evne med dei forhold som var på synfaringstidspunktet. Dersom bygningen er særs kompleks kan det vere nødvendig med eigen oppmåling for nøyaktig areal når bustaden eventuelt står tom.

Kunde/kjøpar må allikevel kontrollere arealet slik at dette står i stil med forventa storleik sett i forhold til pris og oppfatta areal ved synfaring. Dersom kunde/kjøpar ikkje legg vekt på opplysningar om areal vil dette ikkje framstå som ein mangel ved seinare høve.

Kommentarer til planløsning

Buareal på eit plan.
Bod i kjellar i fellesanlegg.

Teknisk og økonomisk verdiberegning

Beregnede byggekostnader			Kr.	2 394 000
Verdireduksjon	60%	-	Kr.	1 436 400
Beregnede byggekostnader etter fradrag		=	Kr.	957 600
Andel av tomt og fellesareal		+	Kr.	35 000
Sum beregnet teknisk og økonomisk verdi		=	**Kr.**	**992 600**
Andel fellesgjeld		-	Kr.	186 768
Andel fellesformue		+	Kr.	6 505
Adkomstdokumentets beregnede verdi		=	**Kr.**	**812 337**

Verditakst, aksje-/andelsleilighet

Markedsanalyse

Verdikonklusjonen vert sett med bakgrunn i standard, storleik og plassering.
Konklusjonen i taksten er gjort etter beste skjønn, basert på ei samla vurdering av bustaden, tekniske verdi og marknadssituasjonen.
Verdien er og satt med tanke på samanlignbare salg i samme området og etter takstmannens kjennskap til området.
Med bakgrunn i skjønnsmessig vurdering er salgsverdien satt noko lågere enn teknisk verdi.

Verdikonklusjon

Oppdragsgiver må kontrollere dette dokumentet for eventuelle feil og mangler før det benyttes!
Eiendommen er ikke kontrollert for skjulte feil og mangler. Ut i fra visuell besiktigelse og innhentede opplysninger settes:

Markedsverdi

Kr. 750 000,-

Sted og dato
Øvre Årdal, 26.06.2019

Svein Låksrud

Dokumentkontroll

Fremlagt

Boligopplysningar frå Årdal Boligbyggelag.
Kommunekart.
Grunnbok.

Vedlagt

Grunnbok.
Kommunekart.
Boligopplysningar.

Grunnboksutskrift fra Statens kartverk

Data uthentet: 25.06.2019 kl. 09.52
Oppdatert per: 25.06.2019 kl. 09.52

VEE-SLETTA BORETTSLAG
Organisasjonsnummer: 948 654 466 Andelsnummer: 6

Bekreftet grunnboksutskrift

HJEMMELSOPPLYSNINGER

Rettighetshavere til eiendomsrett

2016/20346-1/201 **HJEMMEL TIL ANDEL**
08.02.2016
VEDERLAG: NOK 1 000 000
HANSEN ROBERT
F.NR: 260974

Påtegning til hjemmelsdokumenter

2019/720224-1/200 ** TVANGSSALG BESLUTTET
24.06.2019 21.00
GJELDER: HJEMMEL TIL ANDEL 2016/20346-1/201
GJELDER: HANSEN ROBERT
F.NR: 260974
TINGRETT: SOGN OG FJORDANE TINGRETT
SAKSNR: 19-086975TVA-SOFT

HEFTELSER

Heftelser i eiendomsrett:

2016/20354-1/201 **PANTEDOKUMENT**
08.02.2016
BELØP: NOK 1 300 000
PANTHAVER: SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE
ORG.NR: 946 670 081

Rettigheter

Ingen rettigheter registrert

OPPLYSNINGER FRA BORETTSLAGET

2006/20106-1/201 **REGISTRERING AV BORETTSLAGSANDEL**
20.11.2006

For eventuelle utleggs- og arrestforretninger, samt forbehold tatt ved avhendelse, som tinglyses samme dag som andre frivillige rettsstiftelser, gjelder særskilte prioritetsregler, se tinglysingsloven § 20 andre ledd og § 21 tredje ledd.

6

VEDLEGG 3

OPPLYSNINGSSKJEMA FRA FORRETNINGSFØRER

Eiendom: Andelsnr. 6 Orgnr. 948654466 i Årdal kommune
Adresse: Årdalsvegen 20B, 6884 Øvre årdal
Onr.

Andelsinformasjon

Andelsbrev 21.06.1960 Nr 6 Pålydende kr 16200,-

Partialobl Nr Pålydende kr

Hjemmelshaver Robert Hansen

Besitter av adk.dok Årdal Boligbyggelag

Forsikret i IF Polisenr SP1810035.2.1 Forfall 19.01.19 Betalt 19.01.19

Noterte heftelser m/prioritet: Sjå Grunnbok

Felleskostnader / gjeld / formue

Felleskostnader kr/mnd 3 500,- Utestående : 31 800,- pr. 10.09.19

Felleskostnader inkluderer Festeavgift, Felles Straum, Kostnader til forretningsførar, Renter og avdrag på lån, Kabel-TV, Bygningsforsikring, Kommunale avgifter, eigedomsskatt, fiber Internett og trappevask

Fordeling av felleskostnader:

renteutgifter	Kr	444
avdrag	Kr	488
og driftsutgifter	Kr	2 568

Det er inngått sikringsordning mot tap av felleskostnader med
.....Nei.....

Avtalens utløpsdato: Oppsigelsesvilkår:

Andel felles gjeld kr. 186 000 pr 31.08.19
Långiver / lånenr. Sparebanken Sogn og Fjordane
Lånets totale saldo 16 680 000,- pr 11.09.19
Lånetype Annuitet Antall terminer årlig :
Årlig rentesats 3,23 pr 10.09.19
Dato siste termin 17.09.2040

Andel formue kr. 6 504 pr 31.08.19
Ligningsverdi år kr.

Andel fradr.berettigede utgifter kr. 5 100 Er event. fellesobligasjon tinglyst? Ja

Andre opplysninger

Ev. vedtatte/foreslåtte arbeider som vil medføre vesentlig økning i felleskostnader/fellesgjeld:

Ev. varsel om endringer i reguleringsplan eller nabovarsel i forbindelse med byggearbeider eller lignende:

Praktiserer borettslaget individuell nedbetaling av fellesgjeld?	Nei
Praktiseres det forkjøpsrett for borettslagets medlemmer?	Ja
Antall dager for avklaring av forkjøpsrett:	5 Verkedagar
Kreves det styregodkjennelse av ny kjøper?	Ja
Er dyrehold tillatt (ja / nei / krever styregodkjenning)?	Godkjenning frå andelar i oppgangen
Følger det garasje/biloppstillingsplass med leiligheten?	Andelen eig ikkje garasje i burettslaget

Gebyr(er):

Eierskiftegebyr	Kr	5 750,- inkl mva
Medlemsgebyr	Kr	600,- Dersom kjøpar ikkje er medlem
Utlysning av forkjøpsrett	Kr	7 187 inkl mva
Innhenting av opplysninger	Kr	3 750,- inkl mva
Kontonummer for gebyrer:		3705 16 50000

Styreleder i borettslaget

Navn:	Roald Halvorsen
Adresse:	Årdalsvegen 16A
Telefon:	41480883
Fax:	
E-post:	

Send svar til:

Dato og sted: 11.09.19 / Øvre Årdal

Ruben Asresæter

Forretningsførers stempel/underskrift

Boligopplysninger:

Saksbehandler: Ruben Aspeseter

VEE- SLETTA BURETTSLAG		**Vår ref.:**	15/6	**Fødselsdato eier:**	26.09.1974
ÅRDALSVEGEN 20 B		**Type:**	Borettslag tilknyttet		
6884 ØVRE ÅRDAL		**Eiere:**	Robert Hansen		
Organisasjonsnr:	948 654 466	**Andelsnr:**	6		

1: Fellesutgifter

Tot. innev. måned: 3 530

Boligselskap er ikke tilknyttet sikringsordning

Fellesutgifter:	Felleskost	3 500
Tilleggsytelser:	025-Fakturagebyr	30

3: Fellesgjeld

Ajourf. Andel f.gj. (lån)	185 358	Gjeld siste årsoppg.:	218 579
Klient ajourf. lån:	16 682 268	Klient gj. s. årsoppg.:	19 672 113

Spesifikasjon av lån:

Lånenummer: 37061211714, Sparebanken Sogn Og Fjordane

Annuitetslån, 12 terminer per år.

Rentesats per 11.09.2019: 3.23% pa.

Antall terminer til innfrielse: 270

Saldo per 11.09.2019: 16 682 269

Andel av saldo: 185 359

Første termin/første avdrag: 17.11.2017 (siste termin 17.02.2042)

4: Særskilte opplysninger

Klausuler:	
Styreleder:	Roald Halvorsen
Adresse:	Årdalsvegen 16A
Postnr/-sted:	6884 ØVRE ÅRDAL
Telefon:	Mob.: 41480883
E-post:	N/A

5: Restanse fellesutgifter pr. 11.09.2019

Utestående saldo: 31 800

Fellesutgifter:	31 800	Restanse:	31 800
Gebyr:	0	Forskudd:	0
Rente:	0	Overdekning:	0

6: Ligning - 2018

		Gjeld:	218 579	Andre inntekter:	59
Annen formue:	6 505	Utgifter:	5 100		

7: Pålydende

Andelens pålydende:	0	Opprinnelig innskudd:	16 200
Andelsnr:	6	Partialobligasjonsnr:	0

8: Bygning/eiendom

Byggeår:	1963
Gårds/bruksnr:	
Bygningstype:	Blokk
Feste/eiet tomt:	Eiet

9: Forsikring

Forsikret i:	If Skadeforsikring	Polisenr:	SP1810035.1.1

10: Fasiliteter og andre enhetsopplysninger

		Første innflytting:	16.12.1963	SSBnr:	H0202
Etasje:	2	Oppvarmingstype:	Uspesifisert		
Heis:	Nei				
Parkeringstype:	Ingen				
Systemlås:	Nei	Antall rom:	4	BRA	70
Husdyrhold:	Se husordensregler	Oppr. antall rom:	4	BTA	80
Livsløp standard:	Nei	Kategori:	Kategori 1		

Boligopplysninger:

VEE- SLETTA BURETTSLAG		**Vår ref.:**	15/6	**Fødselsdato eier:**	26.09.1974
ÅRDALSVEGEN 20 B		**Type:**	Borettslag tilknyttet		
6884 ØVRE ÅRDAL		**Eiere:**	Robert Hansen		
Organisasjonsnr:	948 654 466	**Andelsnr:**	6		

10: Fasiliteter og andre enhetsopplysninger

Fasiliteter:

Undertegnede har mottatt skriftlig orientering om boligbyggelagets rutiner og regler for arbeid med salg av bolig. Hvordan virker forkjøpsretten og retningslinjer for budgivning og budbehandling ved kjøp av bruktbolig i Årdal Boligbyggelag . Undertegnede har gjort seg kjent med og aksepterer disse.

Sted:_____ **Dato:**_____

_____

Robert Hansen

Andelseiers underskrift

VEDLEGG 4

ENERGIATTEST

Adresse	Årdalsvegen 20B
Postnr	6884
Poststad	Øvre Årdal
Andels-/leilighetsnr.	6 / HO202
Gnr.	9
Bnr.	220
Seksjonsnr.	
Festenr.	
Bygn. nr.	
Bustadnr.	220
Merkenr.	A2019-1047796
Dato	05.09.2019



Innmeld av	Bente Helene Skildheim Nes

Energiattesten er stadfesta og offisiell. Identiteten til bygningen er ikkje stadfesta frå Matrikkelen.

Energimerket seier korleis energistandarden til bustaden er. Energimerket er sett saman av ein energikarakter og ein oppvarmingskarakter, sjå figuren. Energimerket blir symbolisert med eit hus, der fargen viser oppvarmingskarakteren og bokstaven viser energikarakteren.

Energikarakteren fortel kor energieffektiv bustaden er, medrekna oppvarmingsanlegget. Energikarakteren er berekna ut frå det som er den typiske energibruken for bustadtypen. Berekningane er gjorde ut frå det som er normal bruk ved eit gjennomsnittleg klima. Det er den energimessige standarden til bustaden og ikkje bruken som avgjer energikarakteren. A betyr at bustaden er energieffektiv, mens G betyr at bustaden er lite energieffektiv.

Ein bustad som er bygd etter dei byggjeforskriftene som blei vedtekne i 2010, får normalt C.

Oppvarmingskarakteren fortel kor stor del av oppvarmingsbehovet (romoppvarming og varmtvatn) som blir dekt av elektrisitet, olje eller gass.
Grøn farge tyder at ein liten del blir dekt av el, olje og gass, medan raud farge tyder at ein stor del blir dekt av el, olje og gass. Oppvarmingskarakteren skal stimulere til auka bruk av varmepumper, solenergi, biobrensel og fjernvarme.

Om bakgrunnen for berekningane, sjå **www.energimerking.no**

Målt energibruk

Brukaren har valt å ikkje gje opp målt energibruk.

Energibehovet blir påverka av korleis ein nyttar bustaden

Energibehovet blir påverka av korleis ein nyttar bustaden, og bruksmønsteret kan forklare avvik mellom den berekna og den målte energibruken. Gode energivanar medverkar til at energibehovet blir redusert.
Energibehovet kan også bli lågare enn normalt dersom:

- delar av bustaden ikkje er i bruk,
- det er færre personar enn det som blir rekna som normalt, som bruker bustaden, eller
- bustaden ikkje blir brukt heile året

Gode energivanar

Ved å følgje enkle tips kan du redusere energibehovet ditt, men det påverkar ikkje energimerket til bustaden.

Energimerket kan berre endrast gjennom fysiske endringar på bustaden.

Tips 1: **Følg med på energibruken i bustaden**
Tips 2: **Luft kort og effektivt**
Tips 3: **Reduser innetemperaturen**
Tips 4: **Bruk varmtvann fornuftig**

Moglege forbetringar for energistandarden til bustaden

Ut frå dei opplysningane som er gjevne om bustaden, anbefaler ein dei følgjande energieffektiviserande tiltaka. Dette er tiltak som kan gje bygningen eit betre energimerke.

Somme av tiltaka kan i tillegg vere svært lønsame. Tiltaka bør spesielt vurderast ved modernisering av bygningen eller utskifting av teknisk utstyr.

Tiltaksliste (For ein full omtale av tiltaka, sjå Tiltaksliste - vedlegg 1)

- **Montering av tettingslister**
- **Etterisolering av yttervegg**
- **Termografering og tettleiksprøving**
- **Installering av ventilasjonsanlegg med varmeattvinnar til erstatning for mekanisk ventilasjon**
- **Installering av ny, reintbrennande vedomn/peisinnsats, alternativt pelletkamin**
- **Tetting av luftlekkasjar**
- **Utskifting av vindauge**
- **Montering av urstyring på avtrekksvifter/ventilasjonsanlegg**
- **Temperatur- og tidsstyring av panelomnar**

Vi tek atterhald om at desse framlegga til tiltak er gjorde ut frå dei opplysningane som er gjevne om bygningen. Ein bør kontakte fagfolk og be dei vurdere tiltaka nærmare. Skal ein gjennomføre tiltak, må det skje i samsvar med gjeldande lovverk, og ein må ta omsyn til krav til godt inneklima og førebygging av fuktskadar og andre byggskadar.

Bustaddata som er grunnlag for energimerket

Energimerket og andre data i denne attesten er berekna ut frå opplysningar som eigaren av bustaden gav da attesten blei registrert. Nedanfor følgjer eit oversyn over dei viktigaste opplysningane som er gjevne, og som eigaren av bustaden er ansvarleg for.

Der det ikkje er gjeve opplysningar, er det nytta typiske standardverdiar for den aktuelle bygningstypen. For meir informasjon om berekningar, sjå www.energimerking.no/beregninger

Registrering:	Attest utferda med enkel registrering.
Bygningskategori:	Boligblokker
Bygningstype:	Leilighet
Byggjeår:	1976
Bygningsmateriale:	Betong
BRA:	76
Ant etg. med oppv. BRA:	3
Detaljert vegger:	Nei
Detaljert vindauge:	Nei

Teknisk installasjon

Oppvarming:	Elektrisitet Ved
Ventilasjon:	Mekanisk avtrekk
Detaljering varmesystem:	Elektriske ovner og/eller varmekabler Lukket peis eller ovn

Om grunnlaget for energiattesten

Dei opplysningane som er gjevne om bustaden kan ein finne ved å gå inn på www.energimerking.no, og logge inn via ID-porten/Altinn. På sida "Eiendommer" kan du søke opp bustaden og hente fram energiattestar som er laga tidlegare. For å sjå detaljar for bustaden kor det er nytta detaljert registrering må du velje "Gjenbruk" av attesten under "Offisielle energiattester" i skjermbiletet "Valgt eiendom". Eigaren av bustaden er ansvarleg for at det blir brukt riktige opplysningar. Derfor må ein ta opp eventuelle galne opplysningar med seljaren eller utleigaren, sidan dette kan påverke prisfastsetjinga. Det kan når som helst lagast ein ny energiattest.

Om energimerkeordninga

Enova er ansvarleg for energimerkeordninga. Energimerket blir berekna på grunnlag av dei opplysningane som er gjevne om bustaden. Der det ikkje er gjeve nokon informasjon, nyttar ein typiske standardverdiar for den aktuelle bygningstypen frå den tidsperioden da bygningen blei reist. Metodane for berekning av energikarakteren byggjer på Norsk Standard NS 3031 (www.energimerking.no/NS3031)

Har ein spørsmål om energiattesten, energimerke-ordninga, gjennomføring av energieffektivisering eller tilskotsordningar, kan ein vende seg til Enova Svarer på tlf. 800 49 003 eller svarer@enova.no

Plikta til energimerking er omtalt i energimerke-forskrifta (bygningar)

Nærmare opplysningar om energimerkeordninga kan du finne på www.energimerking.no

For ytterlegare råd og rettleiing når det gjeld effektiv energibruk, ver venleg og sjå www.enova.no/hjemme eller ring Enova svarer på tlf. 800 49 003.

Tiltaksliste: Vedlegg til energiattesten

Attesten gjeld for denne eigedommen (vedlegg 1)

Adresse: Årdalsvegen 20B
Postnr. og poststad: 6884 Øvre Årdal
Leilegheitsnr.: HO202
Bustadnr.: 220
Dato: 05.09.2019 16:04:12
Energimerkenummer: A2019-1047796
Ansvarleg for energiattesten:
Energimerkinga er utført av: Bente Helene Skildheim Nes

Gnr: 9
Bnr: 220
Seksjonsnr:
Festenr:
Bygn. nr.:

Bygningsmessige tiltak

Tiltak 1: Montering av tettingslister

Ein kan redusere luftlekkasjar mellom karmen og ramma på vindauge og mellom karmen og dørbladet ved å montere tettingslister. Lister i silikon- eller EPDM-gummi gjev det beste resultatet.

Tiltak 2: Tetting av luftlekkasjar

Det kan vere utette stader som bør tettast, i tilslutninga mellom bygningsdelar, rundt vindauge/dører og ved gjennomføringar. Aktuelle tettemateriale er for eksempel botnfyllingslist med fugemasse, fugeskum eller strimlar av vindsperre. Det kan vere komplisert å tette utette stader ved tilslutningar mellom bygningsdelar, og dette må ein ofte utføre i samband med etterisoleringstiltak.

Tiltak 3: Etterisolering av yttervegg

Ein etterisolerer ytterveggen. Metoden er avhengig av den løysinga som er vald frå før. Til å sjekke vindtettinga av ytterveggen er det anbefalt termografering og tettleiksprøving.

Tiltak 4: Utskifting av vindauge

Ein skiftar ut eit gammalt vindauge som isolerer dårleg, med eit nytt vindauge. Det blir anbefalt ein U-verdi på 1,2 W/m2K eller lågare (medrekna karm og ramme).

Tiltak 5: Termografering og tettleiksprøving

Ein kan måle lufttettleiken i bygningen ved hjelp av ein metode for tettleiksmåling av heile eller delar av bygget. Ein kan òg nytte termografering for å kartleggje varmetap og lekkasjepunkt. Metodane krev spesialutstyr og spesialkompetanse, og arbeidet må gjerast av fagfolk.

Tiltak på luftbehandlingsanlegg

Tiltak 6: Montering av urstyring på avtrekksvifter/ventilasjonsanlegg

Ein bør undersøkje om ventilasjonsanlegget gjev høve til trinnvis regulering av luftmengda (1, 2, 3 eller maks/normal/min) og eventuelt har urstyring kopla til denne funksjonen. Ein bør eventuelt ettermontere eit vekeur som styrer luftmengdene avhengig av brukstida. For bustader bør ikkje ventilasjonen stoppast når bustaden ikkje er i bruk, men det bør vere ein minsteventilasjon på ca. 0,2 l/s per kvadratmeter.

Tiltak 7: Installering av ventilasjonsanlegg med varmeattvinnar til erstatning for mekanisk ventilasjon

Bustaden har mekanisk ventilasjon, det vil seie at luftutskiftinga (og det varmetapet som følgjer med) går føre seg utan varmeattvinning. Ein kan vurdere å installere eit balansert ventilasjonsanlegg, som gjev attvinning av varme frå avkastlufta. Eit nytt anlegg med både ur- og mengdestyring gjev høve til styring etter behov og dermed energisparing. Ventilasjonsanlegget kan ha eit vassbore eller elektrisk varmebatteri.

Tiltak på elektriske anlegg

Tiltak 8: Temperatur- og tidsstyring av panelomnar

Ein skiftar ut eventuelle eldre elektriske varmeomnar utan termostat med nye, termostatregulerte omnar med tidsstyring, eller ein ettermonterer termostat/spareplugg på eksisterande omnar. Dersom ein skiftar ut mange omnar, bør ein vurdere eit system der temperaturen og tidsinnstillingane i ulike rom i bustaden blir styrte frå ei sentral eining.

Tiltak på varmeanlegg

Tiltak 9: Installering av ny, reintbrennande vedomn/peisinnsats, alternativt pelletkamin

I gamle vedomnar og peisar med dør blir berre 30-55 prosent av energiinnhaldet i veden utnytta, medan verknadsgraden er på 70-80 prosent i dei nye, reintbrennande vedomnane og peisinnsatsane (som kom på marknaden i 1988). Alternativt kan ein skifte ut den gamle vedomnen eller peisen med ein pelletkamin. Nye vedomnar, peisinnsatsar og pelletkaminar utnyttar energien meir effektivt samtidig som røykgassforureininga og utsleppa blir reduserte med inntil 90 prosent jamført med i ein gammal vedomn. Dei fleste pelletkaminane blir styrte av ein romtermostat, slik at ein kan stille inn den temperaturen ein ønskjer. Kaminen kan starte og sløkke av seg sjølv, og på mange kaminar kan ein også programmere inn eit vekeprogram, med for eksempel nattesenking.

Brukartiltak

Tips 1: Følg med på energibruken i bustaden

Gjer det til ein vane å følgje med på energiforbruket. Les av målaren kvar månad eller oftare for å vere medviten om energibruken. Om lag halvparten av energibruken i bustaden går til oppvarming.

Tips 2: Luft kort og effektivt

La ikkje vindauge stå på gløtt i lengre tid. Luft heller kort og effektivt, for da får du raskt skifta ut lufta i rommet, og du unngår nedkjøling av golv, tak og vegger.

Tips 3: Reduser innetemperaturen

Ha ein moderat innetemperatur. For kvar grad ein set ned temperaturen, blir oppvarmingsbehovet redusert med 5 prosent. Menneske er også varmekjelder, og di fleire gjester ein har, di større grunn er det til å dempe varmen. Ha lågare temperatur i rom som blir brukte sjeldan eller berre i delar av døgnet. Monter tettingslister rundt trekkfulle vindauge og dører (trekken kan sjekkast med myggspiral/røyk eller stearinlys). Set ikkje møblar framfor varmeomnar, for det hindrar varmen i å sirkulere. Trekk for gardin og persienner om kvelden, for det reduserer tap av varme gjennom vindauga.

Tips 4: Bruk varmtvann fornuftig

Byt til sparedusj dersom du ikkje har sparedusj frå før. For å finne ut om du bør byte til sparedusj eller allereie har sparedusj, kan du ta tida medan du fyller ei vaskebytte. Nye sparedusjar har eit forbruk på berre ni liter per minutt. Ta dusj i staden for karbad. Skift pakning på kraner som dryp. Dersom vassvarmaren har nok kapasitet, kan ein redusere temperaturen i varmaren til 70 gradar.

Tips 5: Slå av lyset og bruk sparepærer

Slå av lyset i rom som ikkje er i bruk. Utnytt dagslyset. Bruk sparepærer, spesielt til utelys og i rom som er kalde eller berre delvis oppvarma.

Tips 6: Vask med fulle maskinar

